

Uniforum

v/ansvarleg redaktør Martin Toft

Postboks 1070 Blindern,

0316 Oslo

Oslo, 24. januar 2025

Fagpressen

v/økonomi- og IT-ansvarleg Kjartan Tyvand

Pressens hus, Skippergata 24,

0154 Oslo

## **Rapport frå felles seminar om presseetikk med Arne Jensen:**

Deltakarar: 9 journalistar og redaktørar frå Uniforum, Universitetsavisa og Apollon

Tidspunkt: 28.-29.november 2024 i Trondheim

Seminarer opna torsdag 28.november med rådgjevar og tidlegare generalsekretær Arne Jensen i Norsk Redaktørforeining. Han heldt sitt presseetiske krasjkurs der han gjekk gjennom dei viktigaste punkta i Ver varsam-plakaten og viste gjennom døme frå pressa og frå PFU korleis dei ulike sakene var blitt behandla. Dei handla om biletbuk i samband med trafikkulykke, og bilete av barn på gata utan at fotografen hadde henta inn samtykke frå foreldra.

Han innleia kurset med 3 gode råd: Ta atterhald, sørg for kontradiksjon og gjort ein tabbe? Rydd opp! Han gjekk også gjennom talet på fellingar i PFU frå 2013 til og med 2023, og innanfor ulike kategoriar som identitet, privatliv, imøtegang, kjeldekritikk, barn, titlar og saklegheit. Framleis blir det synda mest mot imøtegang, kjeldekritikk og bruken av barn i artiklar eller foto.

Han viste også korleis det som kunne sjå ut som brot på Ver varsam-plakaten likevel ikkje var det. Også for oss som jobbar i universitetsaviser var dette ein både god og nyttig gjennomgang.

Me fekk også tid til å diskutera eit utvida samarbeid mellom publikasjonane våre.

Alle deltakarane synest dei fekk mykje igjen for kurset, og samtidig har me blitt endå meir oppdatert på innhaldet i Ver varsam-plakaten.

Universitetsavisene vil halda fram med å halda felles seminar om journalistiske metodar og andre viktige tema i løpet av 2025.

Støtta frå Fagpressa blei brukt til honorar og reise for foredragshaldaren. Det som blir igjen, vil me bruka til seinare seminar.

Hjarteleg helsing

Martin Toft